

REFERAT FRÅ MØTE I ELEVRÅDET FREDAG 19-09-14

Desse møtte: Nikolai, Ina, Magnus, Mathea, Sindre og kontaktlærer

Sak 07 / 14-15 : Godkjenning av referat frå møte 02-09-14

Referatet vart godkjent utan merknader

Sak 08 / 14-15 : Prosjektveke om Barnekonvensjonen (Veke 40)

Dei første timane kvar dag er vanlege. I prosjektet vert elevane delte i grupper. Felles start måndag i 4.time og avslutning fredag. Tysdag fire ulike ein-times kurs. Torsdag er småtrinnet og mellomtrinnet delt.

Sak 09 / 14 – 15 : 24. okt.: FN-dagen, BlimE-dans, FORUT innbyr til Skoleløp

Denne dagen er det også morgonsamling. Elevrådet vil spørja FAU korleis foreldra stiller seg til Skoleløpet, som er ein måte å samla inn pengar på. Viss foreldra er positive, vil elevrådet foreslå at skulen arrangerer løpet.

Sak 10 / 14 - 15 : Ønskje frå 7. klasse om ulike aktivitetar :

A : Fotballdag B : Dyredag C : Skøytedag D : Karneval

Når det gjeld A og B skriv Ina og Magnus til rektor om dette kan gj.førast

C og D vil kosta pengar, elevrådet kontaktar FAU om dette.

Sak 11 / 14 – 15 : Ønskje frå 7. klasse om div. leikeapparat :

A : Edderkoppdisse B : Karusell

Elevrådet skriv om dette til FAU

Sak 12 / 14 – 15 : Framlegg til ny regel :

Om morgonen før 1. time skal alle vera i sitt klasserom eller ute. Spør ein lærar om ein vil vera i eit anna klasserom.

Elevrådet sender framlegget til rektor.

Sak 13 / 14 -15 : Eit bord i 7. klasserommet er ustødig. Kan det ordnast ?

Rektor vil ordna bordet.

Sak 14 / 14 - 15 : Kontakt mellom elevrådet og FAU

FAU v / Leiar Berit Bruvoll ønskjer å fortsetja kontakten med elevrådet.

Kontaktlærer spør FAU om nokon vil koma på neste møte i oktober og snakka om kva saker som kan vera aktuelle.

Myking skule, 22-09-14

Margunn D. S. (ref.)